



**OSTERØY KOMMUNE**  
Plan- utvikling og kultur

15

Kompås v/Kjetil Tepstad

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
07/2200-8 HADY  
08/7724

Arkiv:  
N-504

Lonevåg  
15.05.2008

## REFERAT FRÅ MØTE MED PLANKONSULENT OM REGULERING- VEVLETVEIT

**Tid: 13.05.2008 kl 13.30**

**Stad: Rådhuset, Lonevåg**

### Til Stades:

**Kjetil Tepstad, Kompås**

**Hanne Dybwik, Osterøy Kommune**

**Lars Johan Fjelde, Osterøy Kommune var til stades under delar av møtet**

**Tiltakshaver Roger Hartveit var ikkje til stades**

### Bakgrunn:

- I kommunedelplan for Hauge ligg det eit plankrav for området der det drives steinknuseverk. I føresegnene står det om området: "Vidare arbeid og tiltak kan ikkje finna stad før området inngår i reguleringsplan".
- Det vart halde oppstartmøte 18.09.2007. Plankonsulent har fått referat frå dette møtet.
- Det faste utvalet for plansaker vedtok 31.10.07 å gje løyve til oppstart av reguleringsarbeid i området. Plankonsulent har fått saksdokumenta. Etter det har det ikkje vore framdrift i planarbeidet.
- Den 24.04.2008 vart det halde eit møte der kommunen, fylkesmannens miljøvernavdeling og Roger Hartveit deltok. På møtet vart det understreka at dersom det ikkje vert fortgang i planarbeidet vil rådmannen gjere framlegg til vedtak om stans i drifta av steinknuseverket.

### Hovudpunkt frå diskusjonen:

- Lars Johan informerte om vedtak i fylkeslandbruksstyret vedrørende drift av steinknuseverket.
- Planen vil mest sannsynleg ikkje utløyse krav om KU etter forskrift om konsekvensutgreiing.
- Det er viktig å ha dialog med fylkesmannens miljøvernavdeling tidleg i prosessen, for å avklare viktige moment i planen.
- Planen må fokusere på tilbakeføring av området til LNF etter endt drift.
- Viktige tema som ellers må utgreiast i planen:
  - Tilhøvet til Borgovatnet (er registrert som eit vikt5ig område for andefugl)

Postadresse:  
5282 LONEVÅG Tlf: 56 19 21 00  
Org.nr. 864.338.712 Faks:56 19 21 01

E-post:  
post@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:  
Hanne Dybwik  
Tlf: 5619 2248

- Støy/støv frå drifta
- Sikring av området
- Avrenning
- Tilhøvet til rv 567
- Estetikk
- Planen bør også innehalde ein driftsplan for verksemda.
- Prosess vidare: Organisere eit møte med fylkesmannens miljøvernavdeling så snart som mogleg. Kommunen står som initiativtakar til eit slikt møte.

Med helsing

Hanne Dybwik  
Kommuneplanleggjar